

VÅRLEIRSKOLE



Hålandsdalen leirskole



BERGEN KOMMUNE
BYRÅDSAVDELING FOR
BARNEHAGE OG SKOLE

Navn: _____

Innholdsliste

Kart over Hålandsdalen.....	3	Fuglar rundt leirskulen	40
Velkommen til leirskole!.....	4	Spor og sportegn	41
Bygdaregle frå Hålandsdalen	5	Allemannsretten	43
Gamlekyrkja i Hålandsdalen – Holdhus kyrkje.....	6	Kompasset.....	46
Bygdedag	8	Holdhusstølen.....	48
Slik budde dei	9	Flyslipp over Ottanasi	49
Arbeid gjennom året	11	Bergsenden og stegen	52
Kvinnearbeid gjennom året	12	Fossen gav kraft	54
Mannsarbeid gjennom året.....	13	Vannveiene i Hålandsdalen	57
Gamlestova og de som bodde der.....	15	Trebåten.....	58
Eldhuset	16	Skogseidvatnet.....	60
Gardsdrift på Vestlandet	20	Kanohistorikk	74
Fjordhesten.....	21	Hålandsdalen Meterologiske institutt ...	77
Sauen – eit viktig husdyr	22	Det blir alltid vær!.....	78
Skin og lærarbeid.....	25	Værmerker i Hålandsdalen	79
Trearbeid og spikking	28	Skyene varslar.....	80
Gamleskulen – Holdhus skulemuseum	30	Stjernehimlen	81
Til fots i fjell og skog	32	Vindretningen gir varsel.....	82
Bergartar.....	33	Vindstyrkeskala	83
Berggrunnen i Hordaland	34	Risiko for forfrysning av bar hud	84
Skogen i Skandinavia	35	Kle deg etter været	85
Skogen i Norge.....	36	Her kan du skrive:.....	86
Treslag i Hålandsdalen.....	38	Observasjoner og værvarsel.....	87

Velkommen til leirskole!


Leirskole er en annerledes skoleuke. Du får lære mye om naturen i Hålandsdalen, hvordan vi kan bruke den, hvordan folk før i tiden gjorde seg nytte av naturen og hvordan vi sammen kan ta vare på naturen rundt oss.

Mange ganger denne uken skal vi skru tiden tilbake til litt over 100 år siden og leve oss inn i hvordan det var på en gård i bygden. Rundt 1900 var Norge fortsatt et land der de fleste måtte klare seg med det de selv kunne produsere av mat og klær. Det meste av arbeidet ble utført av familiene selv, både voksne og barn måtte hjelpe til.

- ❖ Mandag skal vi lære hverandre og leirskolen å kjenne
- ❖ Tirsdag og torsdag skal vi lære om naturen i Hålandsdalen, og bruke føttene eller kano
- ❖ Onsdag er det bygdedag med mange ulike aktiviteter knyttet til gamle dager
- ❖ Fredag lærer vi om gamlekirken og gårdsnavn i Hålandsdalen

Vel møtt til en trivelig leirskoleuke med **LÆRING FOR LIVET!**

Hilsen rektor Anne



Her bodde de

På kartet finner du alle gårdsbrukene som fantes i Hålandsdalen omkring år 1900.

På flere av gardene bor det i dag ikke folk, mens det samtidig er kommet flere nye gardar og navn som ikke finnes på dette kartet.

Gamlekyrkja i Hålandsdalen – Holdhus kyrkje

Det har vore kyrkje i Hålandsdalen heilt attende til mellomalderen. Det eldste vitnemålet er inventarlista frå 1306 der kyrkja er omtala som «kirkiunnar a halande j rossa dale», eller kyrkja på Håland i Rossadal.

Frå gudehov til kyrkjestad

Kyrkja ligg tett attmed «Hovden» som er den høgaste plassen i bygda. Namnet kan tyda på at det i gamal heidensk tid her var eit gudehov for tilbeding av dei gamle gudane. Men me veit ikkje noko for sikkert.



Derimot rekna ein det for sikkert at det har vore kyrkje på Holdhus sidan 1200-talet. Det er i alle fall ikkje usannsynleg at folk i Hålandsdalen tidleg fekk høyra om kristendommen. Ein av hovudvegane frå vest til aust gjekk denne vegen, og dessutan var det ikkje så langt frå Lysekloster til Hålandsdalen. Me veit at munkane for rundt og fortalde om kristendommen slik at folk forstod kva den handla om.

Kyrkjeveg og hesteveg

Rossadal er det gamle namnet på dalen. Ross tyder hest, og gjennom dalen drog hestekarar som skulle selja eller kjøpa varer på marknaden i Røldal. Ferda gjekk gjennom Hålandsdalen over fjellet til Strandebarm ved Hardangerfjorden, og denne ferdselsruta var vanleg til langt fram på 1900-talet.



Vegen til gamlakyrkja var ikkje like lang for alle. Folk i bygda hadde kort veg, medan folk i Øvredalen trong 2-3 timar til kyrkje. Dei tok difor ofte turen over fjellet til kyrkja i Strandebarm og før det ut til Varaldsøy. Kyrkjevegen var i gamal tid ofte farleg. Særleg var ein redd for dyr som bjørn og ulv, men mange var også redd for folk som for veglangs utan ein visste kven dei var. Våpen var difor vanleg å bera for alle mannfolk, men inn i kyrkja fekk dei ikkje ta dei. Våpna måtte dei setja frå seg i våpenhuset!

Stavkyrkje og laftekyrkje

Holdhus kyrkje har ei komplisert bygningshistorie. Kva som er den sanne historia får me vel kanskje aldri vite, for det er lite kjeldene fortel om kyrkja før 1600-talet. Då står det ei stavkyrkje i Hålandsdalen. Siste gongen stavkyrkja er omtala er 1721. Ein reknar med at tømmerkyrkja – eller laftekyrkja – som står i dag vart reist få år etter dette. Utgravingane under kyrkja dei siste åra har ein ikkje funne spor av ei tidlegare kyrkje. Kvar den første kyrkja stod, er ikkje påvist.

Før og etter reformasjonen

Gamlekyrkja vart bygd i ei tid då den katolske trua var den einaste i landet vårt. I kyrkja er det lite att frå denne tida. Madonnaskulpturen i kyrkjeskipet er sær s fin og viser Maria med det skrivande Jesusbarnet. Slike figurar høyrer i hovudsak heime i den nordlege delen av Rhindalen i Tyskland. Stilen tyder på at han er frå denne staden, og at han vart laga i tida kring 1500. I alle høve er han laga av kalkkrik sandstein som ikkje finst i Skandinavia. Når skulpturen kom til kyrkja veit me ikkje.


Korleis figuren er komen til Holdhus veit me ikkje. Kanskje vart han kjøpt i Bergen av ein Hålandsdøl som var til byen med varer ein gong etter reformasjonen? Reformasjonen gjekk føre seg i 1539. Då skifta kyrkja i Norge frå å vera katolsk til å fylgja den evangelisk-lutherske læra. Ein skulle då ikkje nytta bilete i kyrkja, og preika fekk ein viktig plass i gudstenesta. I gamlekyrkja har me frå denne tida katekismetavla frå 1590 og preikestolen frå 1570. Preikestolen er den eldste i landet i sitt slag! Etter reformasjonen tok mange prestar til med å preika så lenge at eit prestemøte i Bergen i 1589 vedtok at det skulle setjast timeglas på preikestolen for at ikkje presten skulle tala for lenge!



Alle hadde faste plassar i kyrkja

Fram til 1897 kunne dei rike bøndene kjøpa seg faste plassar framme i kyrkjene i Norge. I gamlekyrkja ser me at alle benkedørene har namn eller initialar bortsett frå nokre lengst bak i kyrkja. Alle er rosemåla, og dei fortel om ein framifrå måletradisjon som hadde sitt opphav i Os. Kven som måla dei, veit me ikkje.

Frå gamalt av var det vanleg at dei som åtte mest sat framme i kyrkja. Dei som var plassfolk og ikkje eigde jord sjølve måtte difor sitje heilt bak i kyrkja. Kan hende det var slik i gamlekyrkja også. Likevel er det fleire eldre folk i dalen som fortel at dei som budde lengst nord på Tveita og Bolstad sat framme i kyrkja, slik at dei som budde lengst ned mot fjorden sat lengre bak i kyrkja. Dette stemmer med dei namna me i dag kan lese på benkedørene, og det er rimeleg ut frå det tilhøve at Hålandsdalen er midt mellom dei to store jordeigarane i distriktet i gamal tid: Klosteret på Lyse og Baroniet i Rosendal.



Frå soknekyrkje til museum


Kyrkja var lenge i privat eige, men i 1876 vart ho overlevert til kyrkjelyden ettersom eigarane ikkje ville ta på seg plikta til å føra opp ny kyrkje for soknet. Det var nemleg naudsynt med ny kyrkje, og denne vart bygd på Eide sentralt i dalen. Nyekyrkja vart vigsla i 1890, og gamlekyrkja vart for det meste ikkje nytta lenger.

Hotelleigar Hans Holdhus kjøpte kyrkja i 1893 etter at kommunestyret hadde gjort vedtak om å riva gamlekyrkja. Han stod som eigar fram til 1900 då Fortidsminneforeininga kjøpte kyrkja. Kyrkja vert i dag nytta til museum og tidvis til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Gamleskulen – Holdhus skulemuseum

Konfirmasjonen synte det norske folk skulevegen

Både under Christian II (1521) og Christian III (1539) vart det gjeve lover med tanke på at «den gemene hop skulle få opplæring i Guds hellige skrift». Men den gemene hop var lite interessert. Fyrst då kongen bestemte at «ingen pige eller yngling» fekk gifta seg før presten hadde eksaminert dei i barnelærdomen, kom det fart i lesinga/pugginga. For stort meir enn pugging var det ikkje. Eleven sa opp att det presten sa, og det vart så som så med lesekunsten dei neste 200 åra.



«Kabinetts» Illustration til Lovverket 1895, del 5.

Folkeskulelova 1739

Lova gav pålegg om at alle barn skulle læra lesa, rekna og skriva. Lova baud òg at det skulle reisast faste skular og bustad og jord for læraren som kvart gardsbruk skulle svara skatt for etter storleiken på bruket. Men bygdene i Norge makta ikkje desse pålegga.

Omgangsskule i heimane

Det vart difor ordna med omgangsskule i dei fleste bygder. Læraren reiste frå bygd til bygd og heldt skule i heimane. I Hålandsdalen var omgangsskulen i gang alt frå 1742, og læraren heitte Peder Nilsson Aarra. Skuleåret var på 12 veker, men varte ofte ikkje lenger enn 8 veker. Skulen gjekk dårleg. Mange meinte at ungane fekk greie seg med den lærdomen heimen kunne gje, og læraren vart nekta hus til skulen på mange av gardane.

Løna var òg dårleg, og det vart difor vanskeleg å skaffa lærar. Noko betre vart det då ein vedtok at dei som gjorde teneste som lærar i 7 år skulle sleppa militæret. Dette lika ikkje militæret fordi dei klokaste unggutane slapp militærteneasta. Biskopen i Bergen sende då melding om at ein så langt det var mogeleg skulle tilsetje «*vanføre, halte, krokryggede og ellers små og uanseelige personer*». Løna var likevel så låg at dei fleste gav seg etter 7 år. Det var mest vanleg med omgangsskule fram til 1850. Rett nok hadde stortinget i 1827 vedteke at det skulle byggjast skule i kvar bygd. Likevel var dette ofte vanskeleg, og fyrst etter 1850 kom det for alvor fart i skulereisinga i Norge.

«Nu er det fjerde gang jeg har vært nødt til at straffe dig i denne uke. Hvad har du at si til det?»
«Jeg tænker vi er gla' det er søndag imorra, jæ, frøken»

Teikning av Andreas S. Bloch i vittighetsbladet Korsaren nr. 18



Skulehuset på Holdhus

I Hålandsdalen var det strid om kvar skulehuset skulle byggjast. Mange hadde borna heime ulovleg frå omgangsskulen fordi dei ikkje var samde i kvar skulen skulle reisast. Fleire fekk også mulkt fordi dei streika! Omsider vart skulen bygt på Holdhus, tett med kyrkja. Fyrste skuledagen var 25. januar 1876, og byggmeister var Hans Endresen Bjørndal. Byggjekostnaden vart totalt 675 spesidalar (ca. 2700 kr).



Skuledagen

Læremiddel

Frå 1860 og fram mot århundreskiftet kom det fleire lover som betra skulen og undervisninga sterkt. Mellom anna kom det i 1890 krav om kva for nokre læremiddel eller hjelpemiddel det skulle vera i alle skulehus:

- Europakart
- Skandinaviakart
- Palestinakart
- kart over det metriske system
- salmodikon og korallbok
- reknebok
- tavle
- krittpassar
- planiglobium

Faga

Skulelova frå 1739 påbaud at alle skulle læra borna å lesa, skriva og rekna. I 1827 kom den fyrste norske skulelova. Lova slo fast at det skulle undervisast i lesing, rekning, skriving, song og kristendomskunnskap. Skulelova av 1860 gjorde nye vedtak om kva det skulle undervisast i. Fag som naturkunne, landkunne og soge skulle takast med. Ein nytta fyrst leseboka, seinare vart det særskilde bøker for dei ulike faga.



Naar hanen glad og munter galer
i dagningen hver morgenstund,
til børn han ligejøm da taler:
Op, børn; thi flid har guld i mund.

Friminutta

Friminutta vart nytta til leik og spel. Rett nok måtte gutane saga og hogga ved når det var naudsynt med varme i omnen. Om vinteren vart kjelke mykje nytta – det var få som hadde ski. I alle høve føregjekk aktivitetane på bakkane utanfor skulehuset. Når det ikkje var snø, var det fleire leikar som var populære:

- Hauk og due
- Munken
- Hoppe paradis
- Vippen

OPPGÅVER

- Korleis var dei typiske skulekleda og sko for gutar og jenter?
- Korleis var skuleveka ordna?
 - a) Kor mange skuledagar i veka?
 - b) Kva var lengda på timane?
 - c) Kva var lengda på friminuttane?
- Sjukdom og reinhald høyrer saman.
 - a) Kva for ein sjukdom var særleg vanleg?
 - b) Korleis kunne denne sjukdomen spreia seg i skulen?

Holdhusstølen

Gardsnavnet Holdhus i Hålandsdalen er gammelt, fra før kristen tid.

Holdr betyr odelsbonde.

Holdhus = stedet der odelsbonden bor.

I bygdene var det for hundre år siden og mer, vanlig at hver gård hadde sin støl (sæter). Det kunne også være at flere gårder hadde støl i lag. Det var viktig å nytte *utmarksbeitene* i skog og fjell til dyrefør om sommeren. Innmarken skulle dyra ikke være på, for her ble det dyrket korn til menneskeføde og gress som dyrene skulle spise om vinteren.



Bildet er fra en støl i Hålandsdalsfellene: Bygdastølen. Den ligger i nærheten av Holdhusstølen. Brukerne til denne stølen var Håland, Haugarvoll og Kjønn-gårdene. Stølen var i bruk til 1926.

Holdhusstølen var sæteren til Holdhusgårdene. På stølen hadde de buskapen om sommeren. Det var stort sett kuer, kalver og *ungbeist* (= *kviger* og unge stuter). *Stølstausene* (*tenestejenter*) gikk opp til stølen hver dag etter *nons* (= måltid kl 15.00), samlet kuene og melket de. Så sov de over på sæteren til neste morgen, samlet kuene på nytt og melket de. Deretter bar de all melken på ryggen ned til bygden. Dette holdt de på med hele sommeren. Det hendte jentene strikket mens de gikk på stien til stølen. Gutter i konfirmasjonsalderen deltok på stølen hvis mor deres ikke hadde tauser.

Holdhusstølen var i bruk på denne måten til de første årene i forrige århundre. Senere har området vært brukt som beiteland for sauer, ungbeist og utgjelte kyr.

Folk har holdt husene noenlunde i stand, og nyttet de av og til til overnatting på tur eller når de så etter dyr. Under siste verdenskrig ble stølen nyttet som gjemmeded for en gruppe soldater i hjemmefronten



*Tveitasætra 1938
Begge bileta er henta frå Bygdeboka Fusa
1900-2000 «Heilt andre tider» av Ella Marie
Brekke Vangnes.*